

VINMONOPOL-UTSAL I SAMNANGER?

**Kommunen må arbeida for å få polutsal i kommunen.
Det ber dei næringsdrivande på Bjørkheim om.**

Kvamskogen Vel tok for ei tid tilbake initiativ til eit møte på Bjørkheim der dei orienterte om kva dei ønskte å få til i Samnanger. Mellom anna hadde medlemane eit sterkt ønske om at det vert oppretta eit Vinmonopol-utsal i Samnanger, helst på Bjørkheim. Med utgangspunkt i dette, ber no Bjørkheim Velforeining Samnanger kommune om å søkja om Vinmonopol-utsal i Samnanger.

AS Vinmonopolet har visse kriterium for kor

dei eventuelt vil etablera nye Vitunopol-utsal I ein rapport om etablering av nye Vinmonopol-butikkar, kan ein mellom anna lesa at det i enkelte kommunar kan vera aktuelt å etablera ein filial i samband med eit større Vinmonopol-utsal.

For at ein slik filial skal kunne etablerast, må det finnast eit etablert Vinmonopol mindre enn om lag ein times reisetid unna. Slik sett kunne det vore aktuelt at for eksempel Vinmonopolet i Arna

fekk ein filial i Samnanger. Men, kan ein lesa vidare i rapporten, det er samtidig eit poeng at filialbutikken skal auka tilgjengelegheita mest mogleg for flest mogleg, og difor bør ikkje reiseavstanden til nærmaste Vinmonopol vera mindre enn om lag 30 kilometer. Og sidan det som kjent er kortare enn 30 kilometer mellom Bjørkheim og Arna spørs det kva Vinmonopolet vil seia til ein eventuell søknad frå Samnanger.

Om Samningen

Bygdebladet Samningen er lokalavis i Samnanger kommune, Hordaland.

Bladet kjem ut ein gong i veka, kvar torsdag.

Stoff og annonser må vera redaksjon i hende seinast tysdag kl.12.

Tilsette:

Svein O. Aadland, bladstýrar/dagleg leiar.

Marianne A. Reistad, journalist

Elin Hovland Gjerde, forretningsfører.

E-post: post@samningen.no - Internett : <http://www.samningen.no>

Vanleg post: Samningen, 5652 Årland - Telefon: 56 58 77 05

Dersom du ikkje får svar på Samningen sin telefon, ring bladstýrar Svein privat: 90 16 32 43